



## Ny kommune i indre Sunnfjord

### Prosjektgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Øystein Høyvik  
Tlf. 57612650

Vår referanse:

16/3693-13-ØH-  
FE - 002

Dato:

04.10.2016

## Ny kommune i Indre Sunnfjord, referat frå møte i prosjektgruppa 30.09.16

Tidspunkt : Fredag 30.09.16 kl 08.00 – 09.30  
Stad : Førde rådhus, møterom Anga 4. etg

Til stades:

Atle Fasteland, Øyvind Bang-Olsen, Ole John Østenstad, Børge Tvedt, Trond Ueland, Torill Anita Segtnan, Marit Solheim, Elin Enebakk, Stian Jakobsen (ikkje endeleg avklart om han skal vere Unio sin representant i det vidare), Kåre Træen (via telefon) og Øystein Høyvik.

### Utsendt dagsorden

Tidspunkt	Kva
08.00 – 08.05	Gjennomgang av referat og oppsummering frå møte 19.09.16
08.05 – 08.15	Gjennomgang av vedtaka gjort i kommunestyra
08.15 – 08.35	Gjennomføre enkel risikovurdering
08.35 – 08.40	Drøfte behovet for at det blir etablert sett av spele-/ arbeidsreglar for denne prosjektperioden
08.40 – 08.50	Kort tilbakemelding om kor langt rådmennene er i kome i høve arbeidet med å følgje opp kommunestyrevedtak pr 01.07.16
08.50 – 09.05	Gjennomgang av utkast til søknad skjønsmidlar (blir sendt ut i løpet av torsdag 29.09.16)
09.05 – 09.20	Gjennomgang av utkast til prosjektdirektiv (blir sendt ut i løpet av torsdag 29.09.16)
09.20 – 09.25	Avklare evt praktiske forhold knytt til KMD si seminarrekke
09.25 – 09.30	Møteplan inkl tidspunkt for felles formannskapsmøte Spørsmål knytt til informasjon frå ulike instansar Eventuelt

### Gjennomgang av referat og oppsummering frå møte 19.09.16

- Gjennomført.

### Gjennomgang av vedtaka gjort i kommunestyra

Følgjande vedtak er gjort:

Kommune	Vedtak
Naustdal	<u>Naustdal formannskap F-16/052</u> Prosjektorganisasjon i høve ny kommune i Indre Sunnfjord blir etablert i tråd med saksutgreiing. Styringsgruppa vert supplert med 1 tillitsvald som dei 4 hovedsamanslutningane peikar ut. Den tillitsvalde i styringsgruppa har observatørstatus.
Førde	<u>Førde bystyre BY-047/16</u> Prosjektorganisasjon i høve ny kommune i indre Sunnfjord blir etablert i tråd med saksutgreiing datert 07.09.2016.

Gaular	<u>Gaular kommunestyre K-063/16</u> Rådmannen er samd i vurdering som vart gjort i møte 26.08.16 knytt til prosjektorganisering fram til fellesnemnda er etablert vår/haust 2017. Prosjektorganisasjon i høve ny kommune i Indre Sunnfjord blir etablert i tråd med saksutgreiing. Ny kommune er fast orientering sak på alle Formannskap og Kommunestyre frametter. Dei lokale tillitsvalde deltek fast på saka når den er oppe i Formannskapet
Jølster	<u>Jølster kommunestyre K-079/16</u> Prosjektorganisasjon i høve ny kommune i Indre Sunnfjord blir etablert i samsvar med saksutgreiing.

- Vedtaka vart gjennomgått – evt vidare drøfting skjer i styringsgruppa

### Enkel risikovurdering

- Drøfting vart gjennomført, og vil inngå som del av oppdatert prosjektdirektiv som blir lagt fram for styringsgruppa i neste møte

### Behov for at det blir etablert sett av spele-/ arbeidsreglar for denne prosjektperioden

- Prosjektgruppa vurderer at det vil vere tenleg at styringsgruppa i neste møte drøftar behovet for å etablere spele-/arbeidsreglar for prosjektperioden

### Kort tilbakemelding om kor langt rådmennene er i kome i høve arbeidet med å følgje opp kommunestyrevedtak pr 01.07.16

- Rådmennene har avtalt møte fredag 7. oktober for å følgje opp avgjerd gjort av styringsgruppa
- Til møtet 7. oktober må alle rådmennene ha utarbeidd oversikt over fond, inkludert eventuelle bindingar knytt til frie fond

### Søknad skjønsmidlar

- Utkast til søknad drøfta
- Øystein Høyvik oppdaterer søknad og sender denne på høyring til rådmennene
- Frist for oversending til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er medio veke 40/16.

### Prosjektdirektiv

- Utkast til direktiv drøfta
- Øystein Høyvik oppdaterer utkast som vil bli handsama i neste møte i styringsgruppa
- Oppdaterer utkast til prosjektdirektiv blir sendt fylkesmannen som vedlegg til søknad om skjønsmidlar

### KMD si seminarrekke

- Øystein Høyvik har meldt på deltakarar i samsvar med tilbakemeldingar
- Øystein Høyvik bestiller overnatting mellom 30. og 31. oktober for dei som ynskjer det – den enkelte må melde til Høyvik
- Den enkelte må sjølv bestille reise
- Alle kostnader for prosjekt- og styringsgruppa blir dekkja over prosjektrekneskapen
- Etter første samling vil ein vurdere deltaking i resten av seminarrekka

### Møteplan

- Forslag til møteplan vart drøfta
- Øystein Høyvik sender forslag til møteplan for styringsgruppa, prosjektgruppa og felles formannskapsmøter til rådmennene for vurdering
- Når rådmennene har meldt tilbake i høve forslaget sender Øystein Høyvik invitasjonar via kalendarfunksjonen i Outlook

## Informasjon

- Prosjektgruppa drøfta behovet for informasjonsstrategi, og konklusjonen er at dette er avgjerande for å lykkast
- Vil bli nærare omtalt i prosjektdirektivet som blir drøfta med styringsgruppa

## Eventuelt

- Ingen saker.

Med helsing

Øystein Høyvik  
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

**Kopi til:**  
Styringsgruppa